



Reidun Dragøy  
Toskavegen 7 B  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/18637 - 20/77598

Saksbehandlar:  
Are Frøysland Grande  
are.froysland.grande@alver.kommune.  
no

Dato:  
07.12.2020

## Avvist søknad om dispensasjon fra byggegrense - gbnr 446/31 Manger øvre

**Administrativt vedtak.**

**Tiltakshavar:**

**Ansvarleg søkjar:**

**Søknadstype:**

**Saknr: 1318/20**

Reidun Dragøy

Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om dispensasjon frå byggegrense mot fylkesveg for oppføring av garasje avvist.**

**Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.**

**Dersom du søkjer på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.**

### Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 24.11.2020.

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggegrense mot fylkesveg for oppføring av garasje.

### Planstatus

Eigedommen er omfatta av reguleringsplanen «Hågarden» (PlanID: 1260199600200) der planen skal supplerast med føresegner frå Kommunedelplan for Radøy 2011 – 2023, delrevisjon 2019.

### VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

- Søknad om dispensasjon er ikkje nabovarsla.
- Søknad om dispensasjon er ikkje grunngjeve i samsvar med føresegner i plan- og bygningslova kap. 19.
- Det ligg føre eit situasjonskart som syner plasseringa av garasjen delvis på gbnr 446/12 og 446/31. Situasjonskartet er ikkje målast med naudsynte mål.
- Det ligg ikkje føre teikningar for tiltaket.
- Det er på din eigedom oppført seksjonert to-mannsbustad, med felles eigedom. Søknad om løyve til tiltak på felles eigedom krev samtykke frå øvrige sameigarar. Ved innhenting av samtykke frå eigar pliktar du til å opplyse om dykkar tiltak vil få konsekvensar for sameigar sin moglegheit til å føre opp tiltak på eigedomen.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottaks kontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

### **Regelverk**

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Reidun Dragøy

Toskavegen 7 B

5936

MANGER